



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
04.04.2018
Dykkar dato
02.03.2018

Vår referanse
2018/3544 421.3
Dykkar referanse
17/2043

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjon til oppføring av einebustad, Meland , gnr. 18 bnr. 12.

Viser til brev frå kommunen datert 02.03.2018, mottatt her 09.03.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av ny einebustad på gnr. 18 bnr. 12. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det nye bustadhuset vil omdisponere mark som er klassifisert som innmarksbeite. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også nyleg skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

I tillegg har Meland kommune lagt til rette for bustadbygging i kort avstand frå omsøkt tiltak. Det er der framtidig bustadbygging bør skje.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til bustadhus på gnr. 18 bnr. 12.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brække Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.